

HAVJAKT BØRJE MØSTER
Øvre Manger
5936 MANGER

Dato: 04.07.2017
Vår ref.: 2014/16628-7
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.:

Krav om fjerning av lavvo på Ramsvikneset - Radøy kommune

Vi viser til oversending av prosjektplan for Fosnstraumen Steinalderpark og seinare korrespondanse i saka, seinast i vårt brev datert 15.12.2015 sendt til Radøy kommune med løyve til forlenga godkjenning av plassering av teltkonstruksjonar på Ramsvikneset.

I 2014 gav Hordaland fylkeskommune løyve til å setje opp midlertidige teltkonstruksjonar på Ramsvikneset. Løyvet vart gitt for 2014 og 2015. I 2015 vart den midlertidige godkjenninga forlenga for 2016 og 2017 etter førespurnad frå Radøy kommune, då vi kunne ikkje sjå at aktiviteten på Ramsvikneset hadde verka negativt på dei kjende automatisk freda kulturminna i området.

Den 15.06.2017 gjennomførte Hordaland fylkeskommune ei synfaring på Ramsvikneset. Det vart observert at lavvoen no er i dårleg teknisk stand. Den rotne konstruksjonen har per i dag lite formidlingsverdi/oplevingsverdi og verkar skjemmaende for automatisk freda kulturminne i nærområdet. Då vi no vurderer at tiltaket verkar negativt inn på kulturminna vil vi ikkje fornya løyvet, og ber om at teltkonstruksjonen vert fjerna snarast. Jamfør brev av 04.11.2015 frå Radøy kommune er det føretaket Godjord som har ansvar for teltkonstruksjonen.

Teltkonstruksjonen/lavvoen skal fjernast så snøgt som råd, og vi ber om tilbakemelding på kor raskt arbeidet kan gjennomførast. Lavvoen med tilhøyrande materiale skal fjernast frå området, og korkje skinn eller anna materiale skal deponerast i terrenget kring staden då dette er nært automatisk freda kulturminne og kan verka skjemmaende på dei.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Radøy kommune